



STRYN KOMMUNE

Stryn kommune
som eigar



2022

Eigarskapsmelding

Innhold

DEL I	3
GENERELL DEL – EIGARSKAPSSTRATEGI	3
1.1 INNLEIING	3
1.2 NYTTIG INFORMASJON TIL EIGARSKAPSMELDINGA.....	4
1.2.1 Kva er ei eigarskapsmelding	4
1.2.2 Eigarskapskontroll	4
1.2.3 Tilrådingar frå Kommunenes Sentralforbund (KS)	5
1.2.4 Selskaps- og føretaksformer for kommunal sektor	6
1.3 OMFANGET AV KOMMUNALT EIGARSKAP OG ORGANISERINGSFORMAR I STRYN Kommune.....	10
1.4 EIGARSKAPSPOLITIKK OG EIGARSKAPSSTRATEGI.....	12
1.4.1 Viktige vurderingar ved val av selskapsform	12
1.4.2 Kommunen sine ulike roller	12
1.4.3 Status i Stryn.....	13
1.4.4 Utfordringar ved eigarstyring	13
1.5 EIGARSKAPSPOLITIKK	14
1.5.1 Føremål med kommunen sin eigarskap i selskap.....	14
1.5.2 Val av selskapsform	14
1.5.3 Selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter.....	14
1.5.4 Samfunnsansvar og etikk.....	15
1.5.5 Valkomité for styreutnemning i selskap.....	15
1.5.6 Styret – ansvar, habilitet og lojalitet	15
1.5.7 Gjennomføring av eigarmøte	16
1.5.8 Kommunedirektøren si rolle i kommunale føretak	16
1.6 EIGARSKAPSSTRATEGI	16
1.6.1 Val av utsending til generalforsamling og val av styre	16
1.6.2 Rolla som styremedlem.....	17
1.6.3 Registrering av styreverv	17
1.6.4 Styreonorar og leiarlønn	17
1.6.5 Habilitetsvurdering av styrerrepresentantar	18
1.6.6 Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde	18
1.6.7 Tilsyn og kontroll	18
1.6.8 Beredskapsplanar - Risiko og sårbarheitsanalyse.....	19
1.6.9 Klimabudsjett.....	19
DEL II	20
OMTALE AV SELSKAP	20



Tussa Kraft AS	22
Loen Skylift AS	23
Sogn og Fjordane Holding AS	24
Visnes Industripark AS.....	25
Tinggata 3 AS	26
Visit Nordfjord AS.....	27
Inviro AS.....	28
In Via AS.....	29
Breimsbygda Skisenter AS	30
Firda Billag AS	31
Storfjordsambandet AS	32
Muritunet AS	33
Alarmsentralen IKS	35
Nordfjord Havn IKS	36
Nordfjord Miljøverk IKS	37
IKT Nordfjord	39
Sekom Sekretariat Kommunalt Oppgåvefellesskap	40
Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap.....	41



DEL I

GENERELL DEL – EIGARSKAPSSTRATEGI

1.1 INNLEIING

Reglane knytt til eigarstyring og eigarskapsmelding finn ein i kommunelova kap. 26. I § 26-1 står det følgjande: «Kommuner og fylkeskommuner skal minst en gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv.»

Vidare seier kommunelova kva ei eigarskapsmelding skal innehalde. Dette inkluderer kommunen sine prinsipp for eigarstyring, ei oversikt over kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i, og kva som er kommunen sitt sine formål føremål med eigarinteresser eller tilsvarande interesser i verksemder.

Ei eigarskapsmelding vil kunne utvikla kommunen som eigar og klargjera rolledeelinga mellom eigar og selskap. Kommunestyret skal vurdere kommunale eigarinteresser og aktivt definere og revurdere motiv, mål og forventningar.

Del I av eigarskapsmeldinga omhandlar i det vesentlege eigarstrategi der det kjem fram synspunkt og vurderingar av m.a. prinsipielle utfordringar, samfunnsansvar og etikk, korleis utøve kommunalt eigarskap samt regelverk knytt til habilitet – folkevalde i ulike rollar.

Del II av eigarskapsmeldinga har omtale av kvart av selskapa som kommunen har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap. Stiftingar er ikkje med i eigarskapsmeldinga, då stiftingar er sjølveigde og kommunen har ingen eigarskap til desse.



1.2 NYTTIG INFORMASJON TIL EIGARSKAPSMELDINGA

1.2.1 Kva er ei eigarskapsmelding

Eigarskapsmelding er eit overordna politisk styringsdokument for verksemd som er lagt til eit anna rettssubjekt, eige styre eller ein vertskommune eller til eit anna interkommunalt organ.

Sjølv om eigarskapsmeldinga primært skal handle om selskapa, er det rådd til at vi òg har med noko om interkommunalt samarbeid. Ei eigarskapsmelding bør som minimum innehalde:

- prinsippa for eigarstyring
- oversikt over eigarskap eller tilsvarende interesser som kommunen har i alle typer verksemder/selskaper
- formålet kommunen har med sine eigarinteresser og tilsvarende interesser

Eigarskapsmeldinga skal også omfatte kommunale føretal (KFar) og interkommunale samarbeid av ulik art som kommunen er involvert i, for eksempel vertskommunesamarbeid.

Ei eigarskapsmelding skal sikre naudsynte styringssignal til selskapa og gjere tydelegare politikarane sitt ansvar. Eigarskapsmeldinga vil òg medverke til å skaffe eit oversyn over kommunen si samla verksemd. Den vil gi folkevalde høve til å setje seg inn i dei juridiske rammene for styring av ulike selskapsformer. Vidare vil den medverke til meir informasjon til omverda i høve den samla kommunale verksemda.

Gjennom eigarskapsmeldinga kan kommunen òg gi meir overordna styringssignal til styra i selskapa, t.d. om politiske mål knytt til miljø, likestilling, open forvaltning, etikk osv. Eigarskapsmeldinga bør seie noko om ansvaret mellom selskap og eigar. Kommunestyret skal ikkje detaljstyre selskapa gjennom eigarskapsmeldinga, men medverke til å sikre samhandling og kommunikasjon mellom eigarorgan og kommunestyret.

1.2.2 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen si eigarinteresse, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets sitt vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring. Kontrollutvalet skal minst ein gang i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan for kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlegheitsvurdering. Planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv, men kommunestyret kan delegera til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.2.3 Tilrådingar frå Kommunenes Sentralforbund (KS)

KS Folkevalgtprogram 2019-2023 har gitt ut heftet: «[Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll](#)»

Dette heftet skal auke kunnskap om viktig omsyn og kva som bør vere på plass for å få ei god eigarstyring av selskap og føretak, men også gi kunnskap til styremedlemmane i føretak og selskap om god selskapsleiing og praktisering av roller og oppfølging.

Heftet gir anbefalingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll ut i frå føljande punkt:

1. *Velje selskapsform utifrå formål og behov.*
2. *Skilje mellom skjerma verksemd og verksemd i konkurransen med private.*
3. *Sørgje for god kunnskap til folkevalde om eigarskap.*
4. *Utarbeide ei årleg eigarskapsmelding eller ein rapport om føretaka for kommunestyret eller fylkestinget.*
5. *Revidere styringsdokumenta og avtaler jamleg.*
6. *Halde jamlege eigarmøte.*
7. *Som hovudregel bør sentrale folkevalde oppnemnast som representantar i eigarorganet.*
8. *Sørgje for vedtekter om innkallingsfrist til generalforsamlingar og representantskapsmøta.*
9. *Sørgje for god samansettning og kompetanse i styret.*
10. *Vedtektsfeste bruk av valkomité ved styreutnemningar.*
11. *Sørgje for balansert kjønnsrepresentasjon i styra.*
12. *Lage rutinar for å sikre naudsynt kompetanse i selskapsstyra.*
13. *Som hovudregel bør styremedlemer i morselskapet ikkje sitje i styra til datterselskapa.*
14. *Oppnemne numeriske vararepresentantar.*
15. *Etablere rutinar for vurdering og handtering av habilitet.*
16. *Foreta ei prinsipiell avklaring av godtgjersle for styreverv.*
17. *Registrere styreverv i KS Styrevervregister.*
18. *Sørgje for at selskapa melder seg inn i ein arbeidsgjevarorganisasjon.*
19. *Sørgje for at selskapsstyra utarbeider og jamleg reviderer etiske retningslinjer for selskapsdrifta.*
20. *Avklare forholdet mellom kommunedirektøren og dagleg leiar av føretaket ved skiping av kommunale eller fylkeskommunale føretak.*
21. *Sørgje for at kontrollutvalet blir sikra gode nok rammevilkår til å utøve sin funksjon på ein god måte.*



1.2.4 Selskaps- og føretaksformer for kommunal sektor

Kommunar har stor fridom til å organisere verksemda si slik dei finn det formålstenleg. Det kan dreie seg om eigen driftsorganisasjon, interkommunalt samarbeid, etablering av sjølvstendige rettssubjekt eller kjøp av tenester. Men denne fridomen er ikkje utan rammer. Dei vanlegaste organiseringaformene er lovregulerte, og det er kommunestyret som har det overordna ansvaret for oppgåveløysinga, uavhengig av korleis verksemda er organisert.

Det vanlege er at kommunar løyer oppgåvene sine heilt eller delvis gjennom eigen driftsorganisasjon.

Kommunane kan òg velje mellom ulike måtar å løye oppgåvene utanfor eigen driftsorganisasjon på. Ulike måtar å organisere på påverkar ulike sider ved lokaldemokratiet, og der er både moglegheiter og utfordringar å organisere oppgåveløysinga utanfor eigen driftsorganisasjon.

Kommunar har ei rekke ulike organisasjonsformer å velje mellom. Nedanfor følgjer ei oversikt av dei ulike alternativa;

Kommunen sin eigen driftsorganisasjon er administrasjonane slik han er organisert under kommunedirektøren.

Kommunale føretak (Kommunelova kap. 9) er ein del av kommunen. Dei blir leia av eit eige styre og ein dagleg leiar, men er direkte underordna kommunestyret, som styrer gjennom vedtekter, budsjettfullmakter og gjennom alminneleg instruksjonsmyndigkeit. Kommunale føretak er først og fremst tenkt bruk til oppgåver av forretningsmessig art. Dagleg leiar er ikkje underordna kommunedirektøren, men det kan likevel skje ei samordning mellom føretaket og administrasjonen i kommunen ved at kommunedirektøren kan utsetje iverksetting av eit vedtak som er fatta av styret i føretaket. I tillegg kan kommunedirektøren uttale seg om saker før styret i føretaket fattar eit vedtak. Kommunestyret kan òg instruere styret i føretaket. Føretaket er ikkje ein eigen juridisk eining, men del av kommunen som rettssubjekt. Kommunen er difor part i alle avtalar og heftar for føretaket sine forpliktingar.

Interkommunale samarbeid:

Kommunelova fastslår at kommunar kan samarbeide om å løye felles oppgåver. Det er altså ein føresetnad at det gjeld oppgåver som er felles for alle som skal delta i samarbeidet. Det kan samarbeidast om både lovpålagte og ikkje-lovpålagte oppgåver, inkludert reint forretningsmessige oppgåver.

Så godt som alle kommunar deltek i interkommunale samarbeid. Slike samarbeid er etablerte på frivillig grunnlag etter nærmare avtale mellom to eller fleire kommunar. Det er fleire formelle samarbeidsformer å velje mellom. Føremålet med samarbeidet er avgjerande for kva modell som bør veljast.

Samarbeidet kan gå føre seg på éin av desse måtane:

- Interkommunalt politisk råd
- Kommunalt oppgåvefellesskap
- Vertskommunesamarbeid
- Interkommunalt samarbeid (IKS)
- Aksjeselskap (AS)
- Samvirkeføretak, foreining eller
- på ein annan måte som det er rettsleg tilgang til, til dømes kjøp av tenester av ein annan kommune.



Interkommunalt politisk råd

Bestemminga om interkommunalt politisk råd er ny i kommunelova, og ho er meint å regulere korleis nabokommunar kan organisere eit interkommunalt politisk samarbeid. Eit døme på kvar desse reglane er aktuelle, er regionråd. Regionråd har vore ein type samarbeid som ikkje har vore regulert av lov. Regionråda har tradisjonelt vore organisert som interkommunale selskap (IKS), med eige styre etter dei tidlegare bestemmingane i kommunelova (§ 27-samarbeid), eller basert på ein samarbeidsavtale utan noka lovregulert organisasjonsform. Dei regionråda som ikkje er interkommunale selskap, må derfor endrast i tråd med bestemmingane i kommunelova av 2018.

Modellen kan brukast både av kommunar og fylkeskommunar, men ikkje dersom det blir opna for private samarbeidspartnarar. Det er kommunestyret eller fylkestinget sjølv som vedtek opprettinga av eit slikt råd. Når kommunelova nyttar ordet «sjølv», betyr det at denne myndigheita ikkje kan delegerast til andre.

Eit interkommunalt politisk råd kan tildelast vedtaksmyndigkeit, men det kan ikkje fatte vedtak i enkeltsaker, med unntak av interne tilhøve, som til dømes tilsetjing av ein rådgjevar. Døme på vedtaksmyndigkeit som eit interkommunalt politisk råd kan få, er å handtere tilskotsordningar eller stipend. Døme på andre oppgåver som kan leggjast til eit interkommunalt politisk råd, er å kome med høyringsutsegner som vedgår næringsutviklinga i regionen, drive aktivt utviklingsarbeid innanfor samfunns- og næringspolitikk, vere pådrivar og kontaktpunkt for utviklinga av regionen og så vidare. Interkommunalt politisk råd kan ikkje gjevast oppgåver som går ut på å yte tenester til innbyggjarane. Etter vedtekta kan eit interkommunalt politisk råd etablerast som eit eige rettssubjekt.

Eigarorganet i eit interkommunalt politisk råd er representantskapet. I representantskapet skal alle deltagarkommunane ha minst eitt medlem som er vald av kommunestyret. Medlemmane av representantskapet er å rekne som folkevalde etter kommunelova. Det betyr at kommunedirektøren og kommunalsjefar, etatssjefar eller tilsvarande administrative leiarar ikkje kan veljast inn. Representantskapet kan opprette organ under seg, til dømes eit styre. I slike underorgan kan òg kommunedirektøren og andre administrative leiarar veljast inn.

Kommunalt oppgåvefellesskap

Bestemminga om kommunalt oppgåvefellesskap er òg ny i kommunelova. Denne samarbeidsmodellen avløyser det som har blitt kalla «§ 27-samarbeidsmodellen». Reglane for kommunalt oppgåvefellesskap er meir omfattande enn det den tidlegare § 27 la til grunn. Kommunalt oppgåvefellesskap skil seg frå interkommunalt politisk råd fordi det i større grad kan brukast i produksjonssamarbeid, som til dømes felles kommuneadvokatkontor, samarbeid om lønskøring, IKT eller HR. Det er ikkje forbod mot å bruke modellen til eit meir omfattande samarbeid, som til dømes felles sjukeheim.

Eigarorganet er òg her representantskapet, og alle eigarkommunane skal ha minst eitt medlem. Representantskapet er eit folkevald organ. Representantskapet kan òg her opprette underliggende organ, der òg administrative leiarar kan veljast.

Vertskommunesamarbeid

Denne samarbeidsforma er utvikla for samarbeid om lovpålagte oppgåver og iverksetjing av offentleg myndigkeit. Eit vertskommunesamarbeid vil seie at ein eller fleire kommunar kan avtale med ein annan kommune at denne skal vere vertskommune og utføre lovpålagte oppgåver og dei meir individretta tenestene på vegner av alle kommunane. Ein vertskommune kan òg utøve myndigkeit på vegne av alle i samarbeidet.



Det er to variantar av vertskommunesamarbeid:

- *Administrativ vertskommune*. Denne modellen kan berre brukast i oppgåver som ikkje er av prinsipiell betyding. Med denne modellen overfører deltakarkommunane myndigkeit til vertskommunen i samarbeidet. Denne myndigheita kan når som helst trekkjast tilbake.
- *Vertskommune med felles folkevald nemnd*. Denne modellen kan brukast ved samarbeid som omfattar vedtaksmyndigkeit i saker som er av prinsipiell betyding. Her delegerer deltakarkommunane myndigkeit til nemnda. Alle deltakarkommunane skal vere representerte med minst to representantar i nemnda. Nemnda skal utøve lik myndigkeit i alle deltakarkommunane. Dersom ein kommune vil trekke tilbake myndigheita, må alle deltakarkommunane gjere det same. Felles folkevald nemnd er eit folkevald organ, og valbarheitsreglane i kommunelova gjeld.

Interkommunale selskap

Eit interkommunalt selskap kan berre opprettast av kommunar eller andre interkommunale selskap etter lov om interkommunale selskap. Deltakarane har samla sett eit uavgrensa ansvar for pliktene til selskapet. Eigarorgan og øvste myndigkeit i selskapet er representantskapet. Deltakarane skal opprette ein skriftleg selskapsavtale.

Forvaltinga av selskapet ligg hjå styret og dagleg leiar. Deltakarkommunane utøver eigarstyring gjennom sine valde medlemmar i representantskapet. Kvar enkelt deltakar skal ha minst éin representant i representantskapet. Kommunestyret har instruksjonsrett overfor medlemmane sine i representantskapet. Representantskapet vel òg styret. Styret skal ha minst tre medlemmar, og er omfatta av kravet om balansert kjønnsrepresentasjon, det vil seie minst ein frå kvart kjønn i styre med tre medlemmar, og i større styre skal det vere minst 40 prosent av kvart kjønn. Dagleg leiar eller medlemmar av representantskapet kan ikkje vere medlemmar av styret.

Representantskapet som eigarorgan utøver kontroll med styret på fleire måtar:

- Det kan bestemme samansettninga av styret.
- Det kan instruere styret og gjere om vedtak.
- Gjennom selskapsavtalen kan det fastslåast at nærmare angjevne saker må godkjennast i representantskapet.

Aksjeselskap

Eit aksjeselskap kan eigast av ein kommune åleine, saman med andre kommunar eller saman med private rettssubjekt. I eit AS har eigarane avgrensa økonomisk risiko for dei økonomiske forpliktingane selskapet har. Det øvste eigarorganet i selskapet er generalforsamlinga.

Gjennom generalforsamlinga utøver eigarane den øvste myndigheita i selskapet. Her kan eigarane gjennom vedtekter, instruksar og andre generalforsamlingsvedtak fastsetje rammer og gje nærmare reglar for styret si organisering av oppgåveløysinga. Det er generalforsamlinga som vel styret. Selskapet blir leia av styret og ein dagleg leiar. Styret har det overordna ansvaret for at selskapet blir drive i samsvar med det føremålet eigarane har generalforsamlinga har fastsett og innanfor ramma av lovverket. Styret har òg ein viktig funksjon i å sikre strategisk planlegging for selskapet. Dagleg leiar skal rette seg etter dei påleggja og retningslinene som styret har gjeve.




Samvirkeføretak

Kommunar kan òg delta i samvirkeføretak. Eit samvirkeføretak er ikkje eit selskap. Samvirkeføretak har medlemmar, men ikkje eigarar, og blir styrt av dei som handlar med føretaket, og som med det har direkte nytte av den verksemda som blir drive. Samvirkeføretak har ikkje fritt omsettelege eigarandelar og kan følgjeleg ikkje kjøpast opp. På årsmøtet – det øvste organet i samvirket – blir vedtak som hovudregel gjorde ut frå prinsippet: eitt medlem – éi stemme. Det er samvirkelova som regulerer denne organisasjonsforma.

Stiftingar er sjølveigande og blir leia av eit styre. Dei er sjølvstendige rettssubjekt.

Figuren under viser korleis dei ulike organiseringsformene gjev ulikt høve til å drive folkevald leiarskap. Her er organiseringsformene plasserte på ein skala frå direkte til indirekte styring og frå høg til låg politisk kontroll. Plasseringa av organisasjonsformene kan vere knytte til faktorar som det ikkje er tatt høgde for her. Til dømes er det skilnad på å vere vertskommune og samarbeidskommune i eit vertskommunesamarbeid, og det er skilnad på eit heileigd og deleigd aksjeselskap. Blant dei fristilte alternativa finn vi IKS og AS. Desse kan skape utfordringar for kommunen med omsyn til politisk kontroll.



1.3 OMFANGET AV KOMMUNALT EIGARSKAP OG ORGANISERINGSFORMAR I STRYN KOMMUNE

AKSJESELSKAP	Bokført verdi	Eigardel
Breimsbygda Skisenter AS	225 000	17,3 %
Firda Billag AS	651 000	6,5 %
In Via AS	97 700	13,4 %
Inviro AS	99 996	3,2 %
Loen Skylift AS	16 500 000	11,4 %
Muritunet AS	10 000	0,1 %
Sogn og Fjordane Holding AS	174 527	4,6 %
Storfjordsambandet AS	15 000	9,9 %
Tinggata 3 AS*	1 938 000	100 %
Tussa Kraft AS **	84 585 504	7,17 %
Visit Nordfjord AS	134 974	7,1 %
Visnes Industripark AS***	15 050 000	100 %

(Klikk på namna for å komme til utvida informasjon om selskap)

* Tinggata 3 AS vart tatt over av kommunen etter overføringa av Energiselskapet Stryn til Tussa kraft AS i 2021.

** Tussa Kraft AS er den nye eigaren av Energiselskapet Stryn AS (frå 01.07.2021).

*** Visnes Industripark AS. Kommunen kjøpte opp heile selskapet i 2021, og eig no 100 %.

INTERKOMMUNALE SELSKAP	Kommunen si gjeldsforplikting i selskapet	Eigardel
Alarmsentralen IKS	119 002	6,75 %
Nordfjord Havn IKS	20 939 152	26,00 %
Nordfjord Miljøverk IKS	4 908 993	16,50 %

(Klikk på namna for å komme til utvida informasjon om selskap)

OPPGÅVEFELLESSKAP	Deltakarkommunar
IKT Nordfjord	Bremanger, Gloppen, Kinn, Stad og Stryn
Sekom Sekretariat Kommunalt Oppgåvefellesskap	Askvoll, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Solund, Stryn, Sunnfjord
Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap	Askvoll, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Luster, Sogndal, Solund, Stad, Stryn, Sunnfjord, Vik, Årdal.

(Klikk på namna for å komme til utvida informasjon om selskap)

ADMINISTRATIVT	Vertskommune	Deltakarkommunar
Brannførebyggjande arbeid	Stryn	Stad, Stryn
Interkommunale helsetenester	Stad	Kinn, Stad, Stryn

INTERKOMMUNALT POLITISK RÅD	Deltakarkommunar
Fjordane interkommunalt politisk råd (FIPR)	Askvoll, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Hyllestad, Kinn, Solund, Stad, Stryn og Sunnfjord
Nordfjordrådet	Bremanger, Gloppen, Kinn, Stad og Stryn



GJENSIDIGE FORSIKRINGSSELSKAP	Eigenkapitalinnskot
KLP	17 800 000


SAMVIRKEFØRETAG	Bokført verdi
Biblioteksentralen	1 500
Olden Vassverk	1 000
Randabygda vassverk	12 000

STIFTINGAR	Bokført verdi
Jostedalsbreen Nasjonalparksenter	230 728
Nordfjord Fritidssenter	10 000
Stiftinga Heradsheim	50 000
Stiftinga Gamle Innvik Ullvarefabrikk	5 000

BURETTSLAG	
Visneslia Burettslag	3 000

Tabell: Oversikt over selskap som kommunen har eigarinteresser i (kommunens data). Verdi er henta frå kommunens balanse i 2021, samt informasjon og tal frå www.purehelp.no.

Stryn kommune årsmelding 2020: https://stryn.kommune.no/_f/p1/i475563db-bedd-4b37-9a52-dbbdebcd16d4/arsmelding-2020.pdf



1.4 EIGARSKAPSPOLITIKK OG EIGARSKAPSSTRATEGI

Eigarskapspolitikk er dei overordna føringane som kommunen legg til grunn for forvaltinga av selskapa og eigardelane. Det gjeld dei system, retningslinjer og rutinar kommunen har for å praktisere eigarskapen. Eigarskapspolitikk er det praktiske rammeverket for kommunen si styring, dei krav som kommunen stiller til seg sjølv som eigar og som skal bidra til å utvikle eit eigarskap som tek vare på kommunen sine interesser og omdøme.

Eigarstrategi er dei føringar kommunen legg til grunn for dei ulike selskapa for å sikre at selskapa føl dei målsettingar som eigarane har bestemt. Det vert gjort gjennom fastsetting av vedtekter og føremål samt å gje rammevilkår som er styrande for kvalitet og utvikling av selskapa.

1.4.1 Viktige vurderingar ved val av selskapsform

Det er ulike grunnar til at kommunen etablerer selskap åleine eller saman med andre. I utgangspunktet er spørsmålet om korvidt selskapet skal drive med forretningsmessig drift i ein konkurranseutsett marknad. Eit anna spørsmål er om etableringa er meir politisk og strategisk grunna i samarbeid med nabokommunar i regionen og / eller for å auke breidda i eit kompetanse- og fagmiljø.

Kommunen står fritt til å velje selskapsform så lenge lov og forskrifter ikkje set avgrensingar.

Følgjande tilhøve bør vurderast før avgjerd om selskapsform vert teken:

Styring:	<i>Moglegheit og behov for politisk styring Forhaldet mellom kommunen si rolle som eigar og eventuell utøvar av mynde Kompetanse, vilkår og moglegheit for kommunen til å følgje opp eigaransvaret, aktiv oppfølging Vilkår og avgrensing med omsyn til delegasjon av mynde Fleksibilitet – endring av eigartilhøve / samarbeid med private Arbeidsgjevar strategi Etikk og samfunnsansvar</i>
Økonomi:	<i>Økonomisk ansvar; kva forpliktingar påteke kommunen seg Selskapet sin økonomisk friheit, krav og eigarstyring, sett opp mot det å halda på eiga avgjerdsmynde om prioritering av ressursar Skatte- og avgiftsmessige forhold Reglar for offentleg innkjøp</i>
Konkuransesituasjon:	<i>Risikovurderingar i forhold til marknaden, miljø, kvalitet og kvantitet av den kommunale tenesta og tilhøvet til brukar / innbyggjar.</i>
Administrative rutinar:	<i>Rapportering og oversikt – kva rutinar og administrativ oppfølging er naudsynt Tilhøve til forvaltningslov og offentleglova.</i>

1.4.2 Kommunen sine ulike roller

Kommunen har ulike roller, til dømes som utøvar av mynde, tenesteleverandør og som eigar av selskap. Ved vurdering av etablering av selskap må særleg behovet for politisk styring og moglegheitene for å drive demokratisk påverknad og kontroll med drift og prosessar vurderast særskilt.



1.4.3 Status i Stryn

Det har vore ein stor vekst i etablering av kommunale selskap på landsbasis. Stryn kommune, saman med dei andre Nordfjordkommunane, var tidleg ute og etablerte ulike interkommunale samarbeid for å utføre kommunale tenester og oppgåver som betre kunne løysast gjennom samarbeid. Desse samarbeida er i dag organisert som interkommunale selskap (IKS), vertskommunesamarbeid etter kommunelova §20, kommunale oppgåvefelleskap (KOF) etter kommunelova §19 og interkommunalt politisk råd (IPR) etter kommunelova §18. Kommunen er også medeigar i ordinære aksjeselskap (AS).

Føremålet med eigne selskap kan vere fleire:



1.4.4 Utfordringar ved eigarstyring

Kommunen sine styringsorgan, leiarstruktur og kultur for styring er tilpassa vanleg kommunal verksemد og vanlege politiske – administrative system for styring og rutinar. Auka satsing på organisering av selskap og eigarstyring fører til nye utfordringar for kommunen. Det gjeld både på det politiske og administrative nivå.

Organisering i selskap for å løyse kommunale tenester flyttar mynde og fullmakt frå kommunen til selskapa. Det fører også til delvis flytting av makt ved at organisering av kommunale tenester gjennom selskap medfører ei fristilling frå vanleg styringslinje med kommunedirektøren som administrativ leiar. I vanleg organisering av tenester vert styringa realisert i tråd med dei politiske vedtak og føringar som vert gjort kontinuerleg gjennom året. Ansvar for, og gjennomføringa av desse, ligg til kommunedirektøren. Kommunedirektøren har innafor sin delegerte mynde høve til å påverke tenester og tilbod direkte gjennom eiga styring.

Ved organisering i eigne selskap av kommunale tilbod og tenester er det framleis høve for eigar (kommunestyret) å ha innverknad over drift og gjennomføring av dei tenestene selskapa skal levere. Men det er slik at rammene for slik tenesteproduksjon som selskapa skal utføre vert lagt gjennom handlingsprogram på same vis som for dei kommunale einingane. Verkemedel for styring er likevel andre. Det gjeld til dømes fastsetting av føremål og vedtekter, val og skifte av medlemmer til styre, og gjennom disponering av resultat og finansiering av verksemda.

1.5 EIGARSKAPSPOLITIKK

Eigarskapspolitikken omhandlar dei prinsippa og retningslinjene som skal legge til grunn for eigarskapet sitt i selskap (AS og IKS). Litt forenkla kan ein seie at eigarskapspolitikken er dei krava kommunen stiller til seg sjølv som eigar. Desse føringane skal bidra til å utvikle eit eigarskap som tek vare på kommunen sine interesser og omdøme.

1.5.1 Føremål med kommunen sin eigarskap i selskap

Ein eller fleire av dei seks kategoriene nedanfor bør leggast til grunn for utforming av mål og motiv for dei selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:

- 1 •Finansielt motivert (sikre at investert kapital oppnår høgast mogeleg avkasting over tid)
- 2 •Politisk motivert (t.d. behalde og vidareutvikle arbeidsplassar, fødselshjelpar ved etablering som ikkje vil kome opp å gå utan kommunal støtte)
- 3 •Effektivisering av tenesteproduksjon (t.d. renovasjon, legevakt, o.l.)
- 4 •Samfunnsøkonomisk motivert (t.d. sikre god infrastruktur)
- 5 •Regionalpolitisk posisjonering
- 6 •Samfunnsansvar

Stryn kommune skal ha eit langsigtt perspektiv på eigarskap. Formålet med å opprette eit selskap eller gå inn i ei etablert selskapsordning skal gå fram av saksframlegget for kommunen sitt vedtak. Sal bør særleg vurderast i tilfelle der formålet med selskapet er blitt endra.

1.5.2 Val av selskapsform

Det er eigar sitt ansvar å sikre ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt formål og oppgåver, behovet for eigarstyring, samfunnsansvar, omsynet til innsyn, marknadsmessige forhold og det aktuelle lovverket.

Skal selskapet ta risiko og operere i ein marknad bør det etablerast eit aksjeselskap. Der selskapet skal yte tenester til eigarane i eigenregi for fleire kommunar kan interkommunale selskap vere ei hensiktsmessige form. For verksemd i eigenregi, kan kommunalt føretak (KF) vere ein hensiktsmessig form. Stiftingar bør ikkje brukast for verksemd som krev eigarstyring.

1.5.3 Selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter

Selskapet si verksemd skal tydeleggjera i vedtekten/selskapsavtalen. Innanfor ramma av vedtekten/selskapsavtalen bør selskapet ha klare mål og strategiar. Eigarane skal ha eit bevisst forhold til ein eventuell forventa avkastning. For selskap som opererer innanfor ein marknad skal prinsippa for utbyttepolitikk klargjera og deretter fremjast for eigarorganet. Langsiktigkeit og samfunnsansvar bør leggast til grunn for det kommunale eigarskapet. Føremålet i

selskapsavtale/vedtekter bør vurderast med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringar.

Fastsetting av vedtekter (KF, AS) og selskapsavtalar (IKS, KOF og IPR) er, saman med val av styremedlemmer, kanskje den viktigaste styringsreiskapen kommunen har. Vedtekter for aksjeselskap vert vedtatt i generalforsamlinga. Kommunestyret kan før generalforsamlinga gjere vedtak som bind representantane i stemmegivinga i generalforsamlinga.

I selskap med næringsdrift bør kommunen som hovudregel stille krav om utbytte frå dei selskapa kommunen er medeigar i.

1.5.4 Samfunnsansvar og etikk

Kommunale selskap forvaltar fellesskapet sine ressursar. Forvaltninga skal skje på ein måte som samsvarar med befolkninga si oppfatning om rett og galt. Omdømet til kommunen vil derfor mellom anna vere avhengig av korleis kommunen forvaltar samfunnsansvaret sitt gjennom selskap. Det finst ikkje eit felles fasitsvar på kva samfunnsansvarleg forretningsdrift er. Dette må definerast av det enkelte selskap.

Etikk er ein viktig del av dei vurderingar som skal gjerast. Dei etiske haldningane legg grunnlag for korleis kommunen faktisk utøver samfunnsansvaret. Etiske retningslinjer bør derfor utarbeidast i kvart selskap. Retningslinene bør diskuterast og eventuelt reviderast årleg.

Selskap som kommunen eig/har eigarinteresser i, bør har verdiar og haldningar som byggjer på kommunen sine etiske retningslinjer og driv etter sunne forretningsprinsipp. Selskapa skal også ha ei aktiv haldning til klimautslepp.

1.5.5 Valkomité for styreutnemning i selskap

Ved val av styre til selskap organisert etter aksjelova og lov om interkommunale selskap bør det vedtektsfestast bruk av valkomité. Føremålet er å sikre samansetting av styre med komplementær kompetanse og i tråd med eigarane sitt føremål med selskapet. Representantskapet/ generalforsamlinga vel leiar av valkomiteen. I selskap med fleire eigarkommunar bør valkomiteen setjast saman for å gjenspegle eigardelar. Valkomiteens innstilling bør grunngjevast.

1.5.6 Styret – ansvar, habilitet og lojalitet

Forvaltinga av aksjeselskap og interkommunale selskap ligg til styret. Det er heimla i lopperket. Det betyr at styret har det overordna myndet og ansvaret for forvaltinga av selskapet. Styret skal også føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Generalforsamlinga i aksjeselskap og representantskapet i eit IKS er selskapet sitt øvste organ, men dei deltek ikkje i forvaltinga av selskapet. Dei har rolla som såkalla operative eigarorgan.

Styret er ansvarleg for at selskapet vert forvalta lojalt i samsvar med føremålet med selskapet. Styret skal difor sørge for at selskapet realiserer den visjonen som eigarane hadde ved etableringa av selskapet, og i kva lei selskapet skal styrast. Styret skal vere ein støttespelar for leiinga i selskapet, og det skal samstundes følgje opp, evaluere og kontrollere leiinga. Styret skal sørge for at det som kollegium er kompetent og profesjonelt i utøvinga av oppgåvene sine. Dette inneber at styret greier å skilje rollar og unngå rolleblanding. Dette er særleg viktig i offentleg eigde selskap sidan her er mange ulike interessentar med sine spesielle krav og forventningar.



Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv. Eit styremedlem representerer seg sjølv og ikkje eigarane. Ho eller han skal ivareta selskapet sine interesser til beste for alle eigarane. Det er den enkelte styremedlem sitt ansvar å drive godt styrearbeid, og dette er ikkje ut frå funksjonen som folkevald, men som den personleg ansvarlege personen som styremedlemen er. Ein aktiv eigarskap betyr også at eit styremedlem kan skiftast ut dersom eigaren meiner medlemmet ikkje fremjar eigarane sine interesser på ein god måte.

Det er opp til kvart enkelt eigarorgan (representantskap/generalforsamling) å avgjere kva type kompetanse eit styre skal ha. I utgangspunktet vert det tilrådd å unngå situasjonar der styret sine medlemmar jamleg blir vurdert i forhold til forvaltningslova sine reglar om habilitet. Difor bør kommunen alltid vurdere bruken av leiande politikarar i selskapsstyra. Styra bør etablere faste rutinar for å handtere mogelege habilitetskonfliktar.

1.5.7 Gjennomføring av eigarmøte

Dei formelle eigarmøta er anten generalforsamling eller representantskapen, men det kan også kallast inn til eigarmøte i tillegg til desse.

Styret bør legge til rette for at flest mogleg av eigarorganets sine medlemmar kan delta i generalforsamling/representantskapet og at dette blir ein møteplass for aksjeeigarane og styret. Dette kan gjerast ved å følgje reglane om innkalling; at saksdokumenta er utførlege nok til å ta stilling til sakene, at eigarane som ikkje kan møte skal kunne stemme ved bruk av fullmakt (gjeld ikkje interkommunale selskap), at styret, revisjon og valkomité er til stades og rutinar for at eigarorganet vel møteleiing.

1.5.8 Kommunedirektøren si rolle i kommunale føretak

Kommunedirektøren har ikkje instruksjonsmynde over dagleg leiar sine disposisjonar.

Kommunedirektøren si formelle rolle overfor føretaket er at han/ho kan instruere dagleg leiar om at iverksetting av ei sak utsettast til kommunestyret har handsama den aktuelle saka. Vidare skal kommunedirektøren, i saker som skal handsamast av kommunestyret, bli gitt moglegheit til å uttale seg før styret i føretaket treff vedtak. Dette heng saman med det generelle overordna ansvaret kommunedirektøren har overfor heile kommuneorganisasjonen.

Kommunedirektøren er budsjettansvarleg for kommunen si samla økonomiske verksemnd. Dette omfattar også kommunale føretak. Det er viktig at dette vert tema for samhandlingsdrøfting ved oppretting av føretak. Kommunedirektøren, stedfortredar eller andre i leiande posisjonar kan ikkje sitje i styret.

1.6 EIGARSKAPSSTRATEGI

1.6.1 Val av utsending til generalforsamling og val av styre

For aksjeselskap og interkommunale selskap bør kommunestyret oppnemne politisk leiing som selskapet sine eigarrepresentantar i eigarorganet.

Eigarutøvinga skal spegle kommunestyret sitt samla/ fleirtalsvedtak, og ein bør oppnemne sentrale folkevalde som selskapets eigarrepresentantar i eigarorganet. Det er sentralt at det vert oppretta ein føreseieleg og klar kommunikasjon mellom eigarorgan og kommunestyret i forkant av generalforsamling / representantskapsmøte.



Det er eigar sitt ansvar å sørge for at styret vert samansett av relevant og komplementær kompetanse og erfaring, og gitt dei nødvendige styringsrammer for å utøve sitt arbeid som eit profesjonelt organ.

Kjønnsrepresentasjon i styra:

I samsvar med IKS-loven § 10 er det krav om balansert kjønnsrepresentasjon i styrene. Reglane aksjelova § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjeld tilsvarende for aksjeselskap der kommunar til saman eig minst to tredelar av aksjane i selskapet. Dette følger av kommunelova § 21-1.

Der ikkje andre er valde av kommunestyret i Stryn, representerer ordføraren, eller den han/ho gjev fullmakt, i generalforsamlingar og representantskap. Det er utsendingane til generalforsamling/representantskap si oppgåve å utøve kommunen sine interesser i samsvar med fleirtalet i kommunestyret. Det bør derfor etablerast ei ordning der utsendingane drøftar slike saker/eigarpolitikken med kommunestyret når det er nødvendig og minst ein gong i valperioden. Hastesaker kan drøftast med formannskapet. Denne ordninga bør som hovudregel berre gjelde dei store selskapa Stryn kommune er eigar i.

Styremedlemmar i morselskapet bør som hovudregel ikkje sitte i styret til eit dotterselskap.

Ofte er tidsfristane korte i slike saker. Orienteringane kan derfor også måtte skje i etterkant av generalforsamlinga/ representantskapet. Orienteringa kan skje ved munnleg orientering eller som ei orienteringssak til kommunestyret.

Lovverket gjev moglegheit for å peike ut anten personlege eller numeriske vara. Der det vert utpeika vara til styre tilrår kommunedirektøren at ordninga med numerisk vara bør nyttast for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret. Tilrådinga om numerisk vara er gitt ut i frå behovet for kontinuitet og kompetanse. Kommunedirektøren tilrår vidare at 1. vara vert invitert til styremøta for på den måten å sikre best mogleg kompetanse og kontinuitet.

1.6.2 Rolla som styremedlem

Rolla som styremedlem skil seg frå rolla som folkevald, mellom anna er styrevervet er eit frivillig, personleg verv. Ein styremedlem representerer seg sjølv og ikkje eigarane. Han/ho skal ivareta selskapet sine interesser til beste for alle eigarane. Det er det enkelte styremedlemmet sitt ansvar å drive godt styrearbeid, og dette er ikkje ut frå funksjonen som folkevald, men som den personleg ansvarlege personen som styremedlemmen er. Eit aktiv eigarskap tyder også at ein styremedlem kan skiftast ut dersom eigaen meiner han/ho ikkje fremtar eigarane sine interesser på ein god måte.

1.6.3 Registrering av styreverv

Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap skal registrere verva på www.styrevervregisteret.no.

1.6.4 Styrehonorar og leiarlønn

Styrehonorar vert bestemt i selskapet sine eigarorgan. Leiarløn vert fastsett av styret. Kommunen som eigar bør ha ein policy for slike saker, som selskapsorgana kan legge til grunn. Omsynet til selskapet tilseier at honorar og leiarløn bør utformast slik at dei:

- Fremtar måloppnåing i selskapet.
- Framstår som rimeleg i forhold ansvar, arbeidsbyrde og kompetanse.
- Framstår som konkurransedyktig i høve til like posisjonar i tilsvarende selskap.



Godtgjersle bør reflektere styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet. Det medfører at selskap som opererer i ein marknad der det er stor risiko, bør storleik på honorar reflektere dette. Styreverv i aksjeselskap og IKS kan i motsetnad til kommunale føretak vurderast i forhold til strafferettsleg og eller økonomisk ansvar og bør godtgjerast særskilt. Spesielt bør styreleiar godtgjerast særskilt i forhold til styremedlemmer. Kommunedirektøren tilrår at selskapet særskilt teiknar styreforsikring for alle styremedlemmene i selskapet med avgrensa ansvar. Forsikringa gjeld det økonomiske ansvaret, ikkje det strafferettslege. Styremedlemmer generelt bør ikkje ta på seg særskilte oppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet.

Aksjelova gjev generalforsamlinga ansvar for å fastsette godtgjeringa til styremedlemmene. Frå 9. juni 2009 bestemte Kommunal- og moderniseringsdepartementet ei forskrift som gjer det klart at styra i kommunale føretak ikkje kan vere med å fastsette eiga godtgjering. Det er representantskapet som fastset godtgjeringa til styremedlemmene i eit IKS og kommunestyret som fastset godtgjeringa til styret i kommunalt eigd selskap.

1.6.5 Habilitetsvurdering av styrerepresentantar

Ein kommunestyrerrepresentant som er styremedlem i ei verksemd (IKS og AS) vil hamne i habilitetskonflikt mellom rolla som eigar og rolla som styremedlem når selskapet er «part» i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 første ledd. Inabilitet gjeld ikkje ved behandling av overordna saker som årsbudsjett, økonomiplan, og kommuneplan fordi ingen er «part».

I tillegg til direkte inhabilitet kan det oppstå avleia inhabilitet etter forvaltningslova § 6 andre ledd når det er «andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til upartiskheit». Her må kvart tilfelle vurderast særskilt. Kommunestyremedlemmar bør avklare habilitetsspørsmål i forkant ved hjelp av ein juridisk vurdering frå kommunedirektøren. For meir informasjon sjå rettleiar om habilitet frå Kommunal og moderniseringsdepartementet.

Etter kommunedirektøren sitt syn bør prinsippet om aktivt eigarskap via generalforsamling og representantskap og prinsippa om styremedlemmene sine rettar og plikter, i større grad føre til at Stryn kommune vel profesjonelle styremedlemmar. Med profesjonelle styremedlemmar meinast her styremedlemmer som har kompetanse som gjer at ein får eit samla styre som på best mogeleg måte kan ivareta selskapet i tråd med eigaren sitt føremål med selskapet.

1.6.6 Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde

Stryn kommune bør som ein del av folkevaldopplæringa gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar for alle folkevalde i dei ulike forholda knytt til eigarstyring. Den første opplæringa bør gjennomførast i løpet av dei første 6 månadane av valperioden og seinare med oppfølging etter 2 år. Det vert tilrådd at kommunestyret etter gjennomføring av generalforsamling, får førelagt ei oversikt over status for selskapet.

1.6.7 Tilsyn og kontroll

Kommunestyret har både eit tilsyns og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterlevast og at etiske omsyn vert ivareteke. Kontrollen vert utført mellom anna gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollansvaret gjeld også når ei verksemd er skilt ut i eigne selskap.

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret sjå til at det vert ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap. Kontrollutvalet har derfor ei viktig rolle i kommunen sin kontroll med



selskap. Det er viktig at kontrollutvalet sikrast gode nok rammevilkår slik at dei har moglegheit til å utøve sin funksjon på ein gode måte.

Kontrollutvalet skal minst ein gong kvar valperiode utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll som kommunestyret skal vedta. Det vert rådd til at planen syner kva eigarinteresser og selskap som kan vera aktuelle for kontroll, og i kva grad det er aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon. Med utgangspunkt i ein slik plan skal kontrollutvalet gje rapport til kommunestyret om gjennomførte kontrollar og resultata av desse. Kommunale føretak er ein del av kommunen som juridisk person og kjem inn under kontrollutvalet sitt generelle ansvar for å sjå til at kommunen sine rekneskap vert revidert på ein trygg måte, og at det vert utført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda i samsvar med kommunelova sine retningslinjer.

Ved utøvinga av eigarskap i aksjeselskap og interkommunale selskap skal det særleg leggjast vekt på at kommunen fører kontroll med eigarinteressene, og at representantane i dei operative eigarorgana utøver kommunen sine eigarinteresser i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader og i samsvar med selskapslovgjevinga. Kommunen skal derfor utøve eit aktivt eigarskap gjennom å formulere klare forventningar/kråv til selskapa og ved å utøve tilstrekkeleg kontroll. Dette vert gjort gjennom gode rutinar for eigardialog med selskapa.


Kontrollutvalet i vertskommunen bør ha tilsynsansvar for interkommunale samarbeid / interkommunale selskap (IKS).

1.6.8 Beredskapsplanar - Risiko og sårbarheitsanalyse

Alle kommunale selskap, både aksjeselskap og føretak, bør utarbeide eigne beredskapsplanar og risiko og sårbarheitsanalysar. Desse må tilpassast tilsvarende kommunale planar.

1.6.9 Klimabudsjett

Kommunen skal sjå til at alle kommunale selskap, både aksjeselskap og føretak, utarbeider eigne klimabudsjett. Klimabudsjettet skal tilpassast tilsvarende kommunale planar.



DEL II

OMTALE AV SELSKAP

I dei vidare kapitla i Eigarskapsmeldinga ligg omtale om aksjeselskapa, kommunale oppgåvefellesskap, og interkommunale selskap.


Meldinga har grunnlag i tal frå 2020, som er dei siste tilgjengelege rekneskapstal. Rekneskapstal for 2021 blir brukt om det ligg føre.

Etter aksjelova kap. III kan aksjar overdragast dersom noko anna ikkje er bestemt i vedtekter eller aksjonæravtale. Overdraginga krev samtykke frå styret med mindre vedtekten seier at samtykke ikkje vert kravd. Styret kan berre nekte å gi samtykke dersom det ligg føre sakleg grunn. Det kan i vedtekten fastsetjast nærmere vilkår for å nekte samtykke.

Det ligg vedlagt ei oversikt over representantar i styrer og utval i perioden 2019-2023.



AKSJESELSKAP



Tussa Kraft AS

Selskapsform: Aksjeselskap

Organisasjonsnr: 976 626 192

Internettadresse: <https://www.tussa.no/>

Aksjekapital: Kr. 78

Styreleiar: Gunnar Gjørtz

Konsernsjef/adm.direktør: Elling Andreas Dybdal

Kommunal representasjon: 1 representant og 1 vararepresentant frå Stryn, Ulstein, Sande kommunar og Hornindal Kraftlag.

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

Syte for produksjon, overføring og omsetning av elektrisk energi og stå føre utbygging av naudsynlege anlegg i den samanheng. Tussa kan på forretningsbasis utvikle, produsere og selje produkt og tenester som styrker og utviklar konsernet.

KOMMUNAL EIGARDEL

Stryn kommune eig 7,17 % av aksjane i selskapet, frå 2021

ØKONOMISKE NØKKELTAL

Rekneskap (tal i 1.000)	2020	2019	2018
Driftsinntekter	29.443	32.338	26.674
Resultat etter skatt	105.685	43.288	41.979

KOMMUNALE LÅN ELLER GARANTIAR

Ingen.

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Eigarskapen oppfyller føremål 4. samfunnsøkonomisk motivert, og 5. Regionalpolitisk posisjonering ref. kapittel 1.5.1



Loen Skylift AS

Selskapsform: Aksjeselskap

Organisasjonsnr: 913 324 277

Internettadresse: <https://www.loenskylift.no>

Aksjekapital: Kr. 145.000.000

Styreleiar: Leif Ragnar Riksheim

Konsernsjef/adm.direktør: Richard Grov

Kommunal representasjon: 1 medlem med varamedlem i styret.

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

Oppføring og drift av fast eiendom og heisanlegg/pendelbane, herunder utleie og det som naturlig står i forbindelse med dette, herunder å ta del i andre selskap.

KOMMUNAL EIGARDEL

Stryn kommune eig 11.4 % av aksjane i selskapet.

ØKONOMISKE NØKKELTAL

Rekneskap (tal i 1.000)	2020	2019	2018
Driftsinntekter	47.193	45.436	45.435
Resultat etter skatt	10.053	9.388	11.319
Utbytte til Stryn kommune	0	1.155	825

KOMMUNALE LÅN ELLER GARANTIAR

Ingen

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Eigarskapen oppfyller føremål 2. politisk motivert (fødselshjelpar ved etablering), ref. kapittel 1.5.1



Sogn og Fjordane Holding AS

Selskapsform: Aksjeselskap

Organisasjonsnr: 989 339 338

Internettadresse: ingen

Aksjekapital: kr 3.835.000

Styreleiar: Jenny Ellaug Følling

Konsernsjef/adm.direktør: Svein Øverland

Kommunal representasjon: Ingen

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

Selskapet eig per 8. oktober 2019 49,56 prosent av aksjane og er største eigar i Sogn og Fjordane Energi AS. Selskapet si verksemder er ved eit langsiktig og stabilt eigarskap å sikre at dei verdiar som ligg i eigarskapen til aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS - og sjølve eigarskapen - kan bli verande i Sogn og Fjordane. Føremålet med å eige og utøve aksjonærrettane til aksjane er å styrke Sogn og Fjordane Energi AS som eit viktig sjølvstendig, regionalt og lokalt eigmakt kraftselskap i Sogn og Fjordane. Selskapet har og som målsetnad å auke selskapet sitt eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS, mellom anna ved kjøp av aksjar og deltaking ved kapitalutviding i Sogn og Fjordane Energi AS. Selskapet kan og gje ansvarleg lån o.a. til Sogn og Fjordane Energi AS for å styrke selskapet sin soliditet og posisjon som eit viktig sjølvstendig og regionalt kraftselskap.

KOMMUNAL EIGARDEL

Stryn kommune eig 4,6 % av aksjene.

ØKONOMISKE NØKKELTAL

Rekneskap (tal i 1.000)	2020	2019	2018
Driftsinntekter	0	0	0
Resultat etter skatt	58.500	47.245	30.589
Utbytte til Stryn kommune	1.309	0	0

KOMMUNALE LÅN ELLER GARANTIAR

Ingen

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Eigarskapen oppfyller føremål 1, finansielt motivert og 5 regionalpolitisk posisjonering, ref. kapitel 1.5.1.



Visnes Industripark AS

Selskapsform: Aksjeselskap

Organisasjonsnr: 987 609 842

Internettadresse: Ingen

Aksjekapital: Kr. 10.000.000

Styreleiar: Eivind Rune Hopland

Konsernsjef/adm.direktør: Eivind Rune Hopland

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

Forvaltning av fast eiendom samt tilhørende virksomhet og deltagelse i andre virksomheter.

KOMMUNAL EIGARDEL

Stryn kommune eig 100 % av aksjane i selskapet.

ØKONOMISKE NØKKELTAL

Rekneskap (tal i 1.000)	2020	2019	2018
Driftsinntekter	2.316	2.053	2.092
Resultat etter skatt	409	127	160
Utbytte til Stryn kommune	0	0	0

KOMMUNALE LÅN ELLER GARANTIAR

Ingen

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Eigarskapen oppfyller føremål 2, politisk motivert, ref. kapitel 1.5.1.



Tinggata 3 AS

Selskapsform: Aksjeselskap

Organisasjonsnr: 925 323 772

Internettadresse: ingen

Aksjekapital: kr 1.938.000

Styreleiar: Eivind Rune Hopland

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

Bygge, drifta og leige ut fast eigedom, og andre aktivitetar knytt til dette.

KOMMUNAL EIGARDEL

Stryn kommune eig 100 % av aksjane frå 2021.

ØKONOMISKE NØKKELTAL

Rekneskap (tal i 1.000)	2020
Driftsinntekter	2.515
Resultat etter skatt	868
Utbytte til Stryn kommune	0

KOMMUNALE LÅN ELLER GARANTIAR

Ingen

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Eigarskapen oppfyller føremål 1, finansielt motivert, ref. kapitel 1.5.1.



Visit Nordfjord AS

Selskapsform: Aksjeselskap

Organisasjonsnr: 968 397 478

Internettadresse: www.nordfjord.no

Aksjekapital: Kr. 1.725.000

Styreleiar: Jon Nesje

Konsernsjef/adm.direktør: Marita Sylvi Lindvik

Kommunal representasjon: 1 utsending med vararepresentant til generalforsamlinga.

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

Utføre felles marknadsaktivitetar og å stimulere til produktutvikling og løyse andre fellesoppgåver for reiselivsnæringa i dei deltakande kommunane. Selskapet kan elles delta i forretningsmessig verksemd relatert til reiseliv.

KOMMUNAL EIGARDEL

Stryn kommune eig 7,1 % av aksjane i selskapet.

ØKONOMISKE NØKKELTAL

Rekneskap (tal i 1.000)	2020	2019	2018
Driftsinntekter	7.636	6.622	5.069
Resultat etter skatt	1.108	600	-804
Utbytte til Stryn kommune	0	0	0

KOMMUNALE LÅN ELLER GARANTIAR

Ingen

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Eigarskapen oppfyller føremål 4, samfunnsøkonomisk motivert, og 2 politisk motivert, ref. kapitel 1.5.1.



Inviro AS

Selskapsform: Aksjeselskap

Organisasjonsnr: 982 743 397

Internettadresse: <https://www.nordfjordeid.no>

Aksjekapital: kr 805.000

Styreleiar: Einar Løken

Konsernsjef/adm.direktør: Øystein Nes

Kommunal representasjon: Ingen

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

Selskapet skal vere ein kunnskaps- og utviklings arena for bedrifter i ulike bransjar som vil vere i front i den teknologiske utviklinga. Selskapet skal gi bedriftene lett tilgang på kompetanse, kurs, utdanning, FoU kapasitet og nettverk til andre innovative miljø. Selskapet sine tenester skal leverast både fysisk og virtuelt, i regionen spesielt og i Norge generelt. Selskapet er operatør for Sivas næringshageprogram, med hovudmål å bidra til auka verdiskaping, vekst og utvikling av næringslivet i heile regionen. Selskapet skal yte tenester som høyrer inn under Næringshageprogrammet.

Selskapet skal ikkje utbetale utbytte. Overskotet skal gå til styrking av eigenkapitalen og til vidareutvikling av selskapet.

KOMMUNAL EIGARDEL

Stryn kommune eig 3,2 % av aksjane.

ØKONOMISKE NØKKELTAL

Rekneskap (tal i 1.000)	2020	2019	2018
Driftsinntekter	3.648	2.078	2.295
Resultat etter skatt	-145	-101	160
Utbytte til Stryn kommune	0	0	0

KOMMUNALE LÅN ELLER GARANTIAR

Ingen

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Eigarskapen oppfyller føremål 2, politisk motivert, ref. kapitel 1.5.1.



In Via AS

Selskapsform: Aksjeselskap

Organisasjonsnr: 931 653 008

Internettadresse: www.in-via.no

Aksjekapital: Kr. 1.100.000

Styreleiar: Jon Gimmestad

Konsernsjef/adm.direktør: Geir Peder Ueland

Kommunal representasjon: 1 utsending med vararepresentant til årsmøte.

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

Skape meirverdi for menneske og samfunn. In Via AS skal skape positive endringar til beste for alle partar og vere ein lærings- og kompetansepartnar.

KOMMUNAL EIGARDEL

Stryn kommune eig 13.4 % av aksjane i selskapet.

ØKONOMISKE NØKKELTAL

Rekneskap (tal i 1.000)	2020	2019	2018
Driftsinntekter	12.594	12.946	11.790
Resultat etter skatt	177	529	-294
Utbytte til Stryn kommune	0	0	0

KOMMUNALE LÅN ELLER GARANTIAR

Ingen

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Eigarskapen oppfyller føremål 6, samfunnsansvar, ref. kapitel 1.5.1.



Breimsbygda Skisenter AS

Selskapsform: Aksjeselskap

Organisasjonsnr: 966 596 996

Internettadresse: <http://www.breimsbygdaskisenter.no/>

Aksjekapital: Kr. 1.528.000

Styreleiar: Kjell Paulen

Konsernsjef/adm.direktør: Runar Stensaker Kleppe

Kommunal representasjon: 1 utsending med vararepresentant til årsmøte.

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

Eige, drive og vidareutvikle skitrekk på Utvikfjellet og elles verksemd som har naturlig samanheng med dette. Overskot ved drift skal gå til føremålet. Overskot ved eventuell likvidasjon skal gå til idrettsføremål.

KOMMUNAL EIGARDEL

Stryn kommune eig 14,7 % av aksjane.

ØKONOMISKE NØKKELTAL

Rekneskap (tal i 1.000)	2020	2019	2018
Driftsinntekter	902	872	2.298
Resultat etter skatt	-410	-475	470
Utbytte til Stryn kommune	0	0	0

KOMMUNALE LÅN ELLER GARANTIAR

Ingen

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Eigarskapen oppfyller føremål 6, samfunnsansvar, ref. kapitel 1.5.1.



Firda Billag AS

Selskapsform: Aksjeselskap

Organisasjonsnr: 997 269 853

Internettadresse: www.firda-billag.no

Aksjekapital: Kr. 10.000.000

Styreleiar: Håkon Martin Myrvang

Konsernsjef/adm.direktør: Nils Aslak Huus

Kommunal representasjon: 1 utsending med vararepresentant til generalforsamlinga.

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

Transportverksemd og tenesteyting i samband med person- og godstransport, samt reisebyrå.
Selskapet kan i tillegg eige og forvalte fast eiendom. Selskapet kan også eige eller delta i andre selskap som har liknande verksemd.

KOMMUNAL EIGARDEL

Stryn kommune eig 6,51 % av aksjane i selskapet.

ØKONOMISKE NØKKELTAL

Rekneskap (tal i 1.000)	2020	2019	2018
Driftsinntekter	23.447	25.673	25.195
Resultat etter skatt	348	3.924	2.931
Utbytte til Stryn kommune	0	98	98

KOMMUNALE LÅN ELLER GARANTIAR

Ingen

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Eigarskapen oppfyller føremål 4, sikre god infrastruktur ref. kapitel 1.5.1.



Storfjordsambandet AS

Selskapsform: Aksjeselskap

Organisasjonsnr: 943 112 339

Internettadresse: www.storfjordsambandet.no

Aksjekapital: Kr. 1.521.000

Styreleiar: Hans Petter Brunstad Sørensen

Konsernsjef/adm.direktør: Øyvind Michael Olsen

Kommunal representasjon: 1 utsending med vararepresentant til generalforsamlinga.

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

Utgreie alternativ for kryssing av Storfjorden med eit kjørbart samband, eventuelt arbeide for betring av eksisterande ferjesamband, og det som står i samband med dette.

KOMMUNAL EIGARDEL

Stryn kommune eig 9.9 % av aksjane i selskapet.

ØKONOMISKE NØKKELTAL

Rekneskap (tal i 1.000)	2020	2019	2018
Driftsinntekter	835	300	50
Resultat etter skatt	22	-10	-67
Utbytte til Stryn kommune	0	0	0

KOMMUNALE LÅN ELLER GARANTIAR

Ingen

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Eigarskapen oppfyller føremål 4, samfunnsøkonomisk motivert (sikre god infrastruktur), og føremål 5, regionalpolitisk posisjonering, ref. kapitel 1.5.1.



Muritunet AS

Selskapsform: Aksjeselskap

Organisasjonsnr: 961 721 652

Internettadresse: www.muritunet.no

Aksjekapital: 14.343.000

Styreleiar: Kirsti Lovise Slotsvik

Konsernsjef/adm.direktør: Geir Over Vegsund

Kommunal representasjon: 1 utsending med vararepresentant til generalforsamlinga.

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

Å eige og drive institusjonen Muritunet AS i Valldal i Norddal kommune. Institusjonen skal gje medisinsk behandling og levere ulike former for helsefremjande og sjukdomsførebyggjande tenester som del av det totale helsetilbodet i landsdelen. Hovudvekta skal ligge på spesialisert rehabilitering, opptrening og opplysning samt anna verksemd som står i samanheng med dette. Muritunet skal være ein samfunnsaktør som opptrer som ein katalysator og utviklingsaktør i lokalmiljøet innan føre nemnde mot både offentlege og private aktørar. Jf. Muriparken, Storfjord Helsecenter AS og Vitafjord AS. Selskapet vert drive på ideell basis og vil ikkje ha kommersielt erverv til føremål. Det skal ikkje utdelast utbytte og selskapet sine midlar skal heller ikkje på annan måte overførast til selskapet sine aksjonærar. Ved oppløysing av selskapet skal selskapet sine midlar stillast til disposisjon for realisering av verksemd i tråd med første avsnitt i denne paragraf.

KOMMUNAL EIGARDEL

Stryn kommune eig 0,07 % av aksjane.

ØKONOMISKE NØKKELTAL

Rekneskap (tal i 1.000)	2020	2019	2018
Driftsinntekter	74.297	75.262	69.881
Resultat etter skatt	4.534	215	-1.383
Utbytte til Stryn kommune	0	0	0

KOMMUNALE LÅN ELLER GARANTIAR

Ingen

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Eigarskapen oppfyller føremål 6, samfunnsansvar, ref. kapitel 1.5.1.



INTERKOMMUNALE SELSKAP



Alarmsentralen IKS

Selskapsform: Interkommunalt selskap

Organisasjonsnr: 971 361 883

Internettadresse: www.alarmsentralen.com

Styreleiar: Øyvind Bang-Olsen

Konsernsjef/adm.direktør: Terje Brandsøy

Kommunal representasjon: 1 representant med personleg vara i representantskapet frå kva einskild eigar kommune.

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

Alarmsentralen sitt føremål er å vere eit respons-, tryggleiks-, og kompetancesenter for deltakarkommunane. Selskapet skal sikre gode tenester for innbyggjarane i kommunane prega av kvalitet, tryggleik, kunnskapsbasert og einskapleg behandling, tilgjengeleghet, service og god brukaropplevd kvalitet.

KOMMUNAL EIGARDEL

Stryn kommune har ein eigardel på 6,75 %.

Eigardel er prosentvis i forhold til einkvar tid gjeldande innbyggjartal i kommunane.

ØKONOMISKE NØKKELTAL

Rekneskap (tal i 1.000)	2020	2019	2018
Driftsinntekter	25 010	21 977	20 934
Resultat etter skatt	725	-281	-804
Utbytte til Stryn kommune	0	0	0

KOMMUNALE LÅN ELLER GARANTIAR

Ekstern gjeldsforpliktig: i følgje lov om interkommunale selskap, heftar kommunen for ein tilsvarande del av selskapet sine plikter, kr 119 002 per 31.12.2021. (Stryn kommune årsmelding 2021, Note 23 Samla ekstern gjeldsforpliktning).

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Eigarskapen oppfyller føremål 3, effektivisering av tenesteproduksjon, ref. kapitel 1.5.1.



Nordfjord Havn IKS

Selskapsform: Interkommunalt selskap

Organisasjonsnr: 884 276 012

Internettadresse: www.nordfjordhavn.no

Styreleiar: Kristian Skibenes

Konsernsjef/adm.direktør: Kjell Magnar Fagna

Kommunal representasjon: 1 medlem og varamedlem til styret i Nordfjord Hamn IKS, og 1 representant med vararepresentant til Nordfjord Havneråd.

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

Å samordne og ivareta den kommunale havnevirksomheten innen samarbeidsområdet. Nordfjord Havn IKS skal sammen med andre havneinteresser bidra til et samlet, kostnadseffektivt og konkurransedyktig havnetilbud i regionen. Nordfjord Havn IKS skal ivareta de administrative og forvaltningsmessige oppgaver som etter havne- og farvannsloven og annen lovgivning som gjelder havnesektoren, påhviler de samarbeidende kommunene. Havneanlegg og arealer skal disponeres med sikte på en best mulig, samlet ressursutnyttelse. For å opprettholde og videreutvikle den kommunale havnevirksomheten i samarbeidsområdet, og denne virksomhetens traikgrunnlag, kan Nordfjord Havn IKS engasjere seg i havnetilknyttet virksomhet som finnes hensiktsmessig og fordelaktig for de samarbeidende kommunenes havneinteresser, og det næringslivet den kommunale havnevirksomheten tar sikte på å betjene.

KOMMUNAL EIGARDEL

Stryn kommune har ein eigardel på 26 %.

ØKONOMISKE NØKKELTAL

Rekneskap (tal i 1.000)	2020	2019	2018
Driftsinntekter	22.392	30.963	29.824
Resultat etter skatt	4.496	9.537	8.554
Utbytte til Stryn kommune	0	0	0

KOMMUNALE LÅN ELLER GARANTIAR

Ekstern gjeldsforpliktig: i følgje lov om interkommunale selskap, heftar kommunen for ein tilsvarande del av selskapet sine plikter, kr 20 939 152 per 31.12.2021. (Stryn kommune årsmelding 2021, Note 23 Samla ekstern gjeldsforpliktning).

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Eigarskapen oppfyller føremål 4, samfunnsøkonomisk motivert, og 5 regionalpolitisk posisjonering, ref. kapitel 1.5.1.



Nordfjord Miljøverk IKS

Selskapsform: Interkommunalt selskap

Organisasjonsnr: 977 549 833

Internettadresse: www.nomil.no

Styreleiar: Sven Flo

Konsernsjef/adm.direktør: Inge Bent Arnestad

Kommunal representasjon: 1 medlem med varamedlem i styret, og 3 medlem med varamedlemmar i representantskapet.

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

Utføre kommunene sine oppgåver innan følgjande deler av avfallsbehandlinga: 1. Oppsamling, innsamling og transport av alle avfallstypar i kommunane. 2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for restavfall og fraksjonar som kan gjenvinnast. 3. Bygging og drift av innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast. Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg. 4. Selskapet sine hovudoppgåver gjeld det forbruksavfallet kommunane har ansvaret for, men selskapet kan også drive innsamling, transport og behandling av produksjonsavfall og slam. Selskapet kan ta på seg alle oppgåver som høyrer naturleg saman med dei oppgåvane som er nemde i pt. 1-4. Selskapet kan overta ansvaret for dei nemnde funksjonane gradvis etter nærmare avtale med kommunane. Selskapet avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leigeavtalar med medlemskommunane eller private næringsdrivande.

KOMMUNAL EIGARDEL

Stryn kommune har ein eigardel på 16,5 %.

ØKONOMISKE NØKKELTAL

Rekneskap (tal i 1.000)	2020	2019	2018
Driftsinntekter	81.981	64.838	60.731
Resultat etter skatt	-333	408	1.821
Utbytte til Stryn kommune	0	0	0

KOMMUNALE LÅN ELLER GARANTIAR

Ekstern gjeldsforpliktig: i følgje lov om interkommunale selskap, heftar kommunen for ein tilsvarande del av selskapet sine plikter, kr 4 908 993 per 31.12.2021. (Stryn kommune årsmelding 2021, Note 23 Samla ekstern gjeldsforpliktning).

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Eigarskapen oppfyller føremål 3, effektivisering av tenesteproduksjon, ref. kapitel 1.5.1.



KOMMUNALT OPPGÅVEFELLESSKAP



IKT Nordfjord

Selskapsform: Kommunalt oppgåvefellesskap

Organisasjonsnr: 812 536 982

Konsernsjef/adm.direktør: Tor Halvar Botnen

Styreleiar: Tom Ludvig Joensen

Kommunal representasjon: Ordførar er medlem i representantskapet, og kommunedirektør er medlem i styret.

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

Samarbeidet skal ivareta deltakarkommunane sine oppgåver knytt til strategisk utvikling, kostnadseffektiv service og drift av eigarkommunane sin informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT).

Samarbeidet skal gjennom målretta bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi fremje utvikling av tenesteproduksjon, publikumsservice og administrative tenester i deltakarkommunane.

Samarbeidet er regulert av samarbeidsavtalen. Styret får i oppgåve å utarbeide og ta stilling til andre ev. underavtaler og styringsdokument, t.d. tenesteleveranseavtale og strategidokument.

Samarbeidet er delt i to einingar: ei strategieining (IKT strategi) og ei driftseining (Nordfjordnett), under leiing av eit representantskap, eit styre og ein dagleg leiar.

DELTAKARKOMMUNAR

Består av kommunane Bremanger, Gloppen, Kinn, Stad og Stryn.

Fordelingsnøkkelen på kostnadene:

- 25 % fordelt likt mellom kommunane,
- 75 % fordelt etter innbyggartal basert på SSB sin statistikk pr. 01.07 året før det aktuelle driftsåret

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Eigarskapen oppfyller føremål 3, effektivisering av tenesteproduksjon, ref. kapitel 1.5.1.



Sekom Sekretariat Kommunalt Oppgåvefellesskap

Selskapsform: Kommunalt oppgåvefellesskap

Organisasjonsnr: 987 631 554

Heimeside: www.sekom.no

Styreleiar: Per Rune Vereide

Dagleg leiar: Arnar Helgheim

Kommunal representasjon: Ein representant med personlege vararepresentantar i representantskapet.

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

SEKOM er oppretta for å utføre sekretariattenester for kontrollutvala i eigarkommunane. Selskapet skal syte for at kontrollutvala får naudsynt bistand til å utføre kontrollutvalsoppgåvene.

DELTAKARKOMMUNAR

9 deltakar kommunar: Askvoll, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Solund, Stryn, Sunnfjord.

Det er ikkje krav om eigenkapitalinnskot frå kommunane. Deltakarane betalar eit årleg honorar som vert berekna slik:

- 25% lik del for kvar kommune
- 25% ut frå registrert tidsbruk
- 50% ut frå folketal ved inngangen til året.

Reiser vert ført som fellestid og påverkar ikkje fordelinga mellom kommunane.

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Eigarskapen oppfyller føremål 3, effektivisering av tenesteproduksjon, ref. kapitel 1.5.1.



Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap

Selskapsform: Kommunalt oppgåvefellesskap

Organisasjonsnr: 923 249 478

Styreleiar: Trygve Jacobsen

Konsernsjef/adm.direktør: Asgeir Tveit

Kommunal representasjon: 1 representant og 1 vararepresentant til representantskapet.

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

Revisjonssamarbeidet har som føremål å utføre revisjon i, og ha tilsyn med, deltakande kommunar, fylkeskommunar, og kommunale/interkommunale føretak etter kommunelova og tilhøyrande forskrifter og regelverk om revisjon.

DELTAKARKOMMUNAR

Revisjonssamarbeidet omfattar følgjande 16 deltakarkommunar:

Askvoll, Bremanger, Fjaler, Floppen, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Luster, Sogndal, Solund, Stad, Stryn, Sunnfjord, Vik, Årdal.

Det er ikkje krav om eigenkapitalinnskot frå deltakarkommunane til revisjonssamarbeidet utover årlege revisjonshonorar. Revisjonshonorar blir fastsett i kvart årsbudsjett og betalast inn forskotsvis pr. kvartal. Honorar blir berekna ut frå ein fordelingsnøkkel som er basert på ein fastdel etter 20 % med lik fordeling, 20 % fordelt etter folketal, og ein variabel del på 60 % etter medgått tid.

Deltakarane sin ansvarsdel er lik deltakarandelen i revisjonssamarbeidet og er gjenspeila i vektinga av stemmene i representantskapet.

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Eigarskapen oppfyller føremål 3, effektivisering av tenesteproduksjon, ref. kapitel 1.5.1.



Kommunale representantar i styrer og utval 2019 - 2023

WebSak	Styre/utval	Representant	Vararepresentant
19/1388	Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS	Ordførar	Varaordførar
19/1389	Arnljotbakken Burettslag - generalforsamling	Sonja Øvre-Flo	Nils Jørgen Omberg
19/1389	Arnljotbakken Burettslag – styremedlem	Anita Linda P. Almskår	Kåre Tonning
19/1391	Breimsbygda skisenter AS – årsmøte	Leiv Arne Skarstein Egset	Ellen Hilde Hauge
16/2221	Firda Billag	Ordførar	Varaordførar
17/1653	Fjellstyret	Ingolf Folven	Asbjørn Fure
		Solveig A. N. Heggdal	Ingvild Berge
		Jan Lars Nesje	Alfred Tytingvåg
		Oddbjørn Reme	Ellen Hilde Hauge
		Jorunn Tenden	Karoline Hatledal
17/2099	Fjordane Friluftsråd	Sonja H. Servan	Kari Synnøve Muri
19/1450	Hoven Loen AS/Loen Skylift AS	Ordførar	Varaordførar
19/1395	InVia AS (tidl Sandane Industri)	Torstein Tvinnereim	Haldor Hove
18/530	Innvik Kraftverk – generalforsamling	Per Kjøllesdal	Torstein Tvinnereim
19/1400	Innvik Vassverk – årsmøte	Arnt Magne Paulen	Barbro Hammer Moen
19/1392	Jostedalsbreen Nasjonalparkstyre	Ivar Kvalen (Luster)	Kari Synnøve Muri
17/1519	Kjeldeflata Burettslag – generalforsamling	Vegard Rake Midttun	Karin Gregersen Vik
19/1396	Kaare Sunde Samlinga	Endre Bø	Jorunn Aa Myklebust
19/1361	KS-fylkesmøte		
17/1864	Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane	Ordførar	Varaordførar
19/1393	Konfliktrådet val av medlem til oppnemningsutval	Inge Fænn	
19/1408	Kvernhusgrenda burettslag – Styret	Grete Zakariassen	Grete Haugen Vinsrygg
19/1408	Kvernhusgrenda burettslag – generalforsamling	Johan Berge	Jan Træen
19/1409	Kyrkjeleg Fellesråd	Sonja Øvre-Flo	Johan Berge
17/1230	Muritunet AS – generalforsamling	Astrid Hoffart	Aud Løvlid
19/1414	Nordfjord Havn - havnerådet	Torstein Tvinnereim Sven Flo	Rune Myklebust Haldor Hove
19/1414	Nordfjord Havn Styret		
17/1650	Nordfjord IUA –(Interkommunalt utval mot akutt ureining)	Jan Træen	Even Inge Nesje
19/1417	Nordfjord Miljøverk Styret	Sven Flo (styreleiar)	Haldor Hove
19/1417	Nordfjord Miljøverk (Representantskap)	1. Ordførar 2. Silje Åsnes Skarstein 3. Aud Løvlid	1. Varaordførar 2. Kjell Ove Bergset 3. Jan Træen
19/1316	Nordfjord Revisjonsdistrikt medl til Samstyret		
19/1420	Nordfjord Sogelag		
19/1436	Nordfjord Vassområdeutval	Kjell Ove Bergset	Frode Briksdal
19/1421	Olden Helsetun -Styret		
19/1421	Olden Helsetun- Rådet		
19/1400	Olden Vassverk – årsmøte	Rune Myklebust	Silje Åsnes Skarstein



19/1400	Randabygda Vassverk – årsmøte	Kjell Ove Bergset	Torstein Tvinnereim
17/1225	Reisemål Stryn/ Nordfjord – uts til gen.fors		
19/1430	Sakkunnig takstnemd (skatt)	Inger Langvik – leiar	Leif Arne Egset
		Anders Olav Valaker – nestleiar	Johanna Myklebust
		Vegard Bjørlykke	Vesla Bergem
19/1430	Sakkunnig klagenemd (skatt)	Kari Kvåle Faleide – leiar	Olav Ø Skåden
		Eivind Hopland – nestleiar	Heidi Liadal
		Jon Rasmus Langeset Vik	Øyvind Hatledal
		Sissel Tenden	
		Einar Myklebust	
		Steinar Nesdal	
19/1111	SEKOM		
19/1434	Stiftelsen William H Singer JR og Anna Brugh Singers Minde	Per Kristian Storevik Margunn Skarstein Jarle Sanden Jostein Fredheim Ingebjørg Erikstad	Jon Olav KvammeAnne Andre Oppheim Jakob Andre Sandal Anne Margrete Tonning Ingebjørg Lysne
17/1510	Sjøtun Burettslag – generalforsamling	Kari Synnøve Muri	Jorunn Aa Myklebust
17/1450	Stiftinga Gamle Innvik Ullvarefabrikk – årsmøte	Arnt Magne Paulen	Endre Bø
19/1437	Stiftinga Heradsheim – årsmøte	Bjørnar Bø	Endre Bø
		Randi Bjørset	Oddny K Drageset- Nøstvold
19/1436	Sogn og Fjordane Vassområdeutval	Kjell Ove Bergset	Frode Briksdal
19/1436	Sogn og Fjordane Vassregionutval	Kjell Ove Bergset	Frode Briksdal
17/1731	Stiftinga Nordfjord Fritidssenter – styremedlem	Bjørnar Bøe	Odd Rune Flo
17/2021	Storfjordsambandet ASA – generalforsamling	Pål Vonheim	Magne Wathne
19/1445	Stryn Frivillegsentral – styret	Anders Magne Vik	Karin Gregersen Vik
	Visit Nordfjord	Torstein Tvinnereim	Haldor Hove
19/1448	Visnes Industripark AS – generalforsamling	Ordførar	Varaordførar
17/1509	Visneslia Burettslag – generalforsamling	Inge Arne Bøe	Odd Rune Flo
119/1451	Villreinnemda i Sogn og Fjordane		
19/1451	Villreinnemda for Reinheimen og Breheimen	Johan Berge	Karoline Hatledal

